

VEDTEKTER FOR ROSENDAL OG OMLAND VASSVERK SA

ORGANISASJONSNUMMER 955 414 691 mva

§ 1. Føretaksnamn og forretningskontor

Føretaksnamnet er Rosendal og Omland Vassverk SA. Føretaket er eit samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital, og med avgrensa økonomisk ansvar. Føretaket har sitt kontor i Kvinnherad kommune.

§ 2. Føremål

Føremålet til laget er å forsyna området Løfallstrand – Rosendal – Seimsfoss med vatn til husbruk og anna bruk. Vatnet skal ha ein kvalitet som tilfredsstillar dei krav som gjeld.

Selskapet skal drivast basert på sjølvkostprinsippet og med allmennyttige føremål som basis.

§ 3. Medlemskap

Alle innanfor området nemnt i § 2 kan verta medlemmer i laget ved å godta laget sine lover, betala det tilknytningstilskotet som gjeld og den meirkostnad som den seinare tilknytning av vatn medfører.

Styret har den endelege avgjerd ved opptak av nye medlemmer, og fører register over medlemene i laget.

§ 4. Årsoverskot

Eventuelt årsoverskot på driftsrekneskapen etter at renter på gjeld, tilsyn og vedlikehald er betalt, skal tilleggast eigenkapitalen til selskapet og nyttast til fornying av driftsmidlar m.m.. Medlemskap og andelar i selskapet gjev ikkje rett til utdelingar. Vassverket skal såleis ikkje gå med overskot over tid, men sikra forsvarleg drift og framtidige investeringar basert på sjølvkostprinsippet, jf. § 2 ovanfor.

§ 5. Tilknytningstilskot og årsavgift

Medlemene i laget skal betala det til ei kvar tid gjeldande tilknytningstilskot og årleg vassavgift. Dersom vassverket skal betala anleggsbidrag ved tilkopling av nye abonnentar, skal vassverket sine kostnader avgrensast til 100 % av tilknytningstilskotet. Resten må medlemene betala sjølve.

Tilknytningstilskotet skal vera innbetalt før leidningar til vassverket vert tilkoppa eigedomen. Vassavgifta skal betalast forskotsvis for heile året. Rekning på vassavgift vert utskriven ein gong i året, og skal betalast ved forfall. Vert ikkje avgifta betalt i rett tid, skal styret etter ein rimeleg tidsfrist, og etter at det er gjeve rimeleg varsel, setja i verk tvangsinndrivning av kravet.

For verksemdar, bensinstasjonar med vaskeplass, gartneri, hotell, kafear, gardsbruk og andre større forbrukarar, skal vassavgifta og tilknytningstilskotet fastsetjast i samsvar med gjeldande satsar. Desse skal montera vassmålar for å registrera forbruk. Styret kan og gjera vedtak om å montera vassmålar hos andre brukarar. Vassavgifta skal då betalast med grunnavgift og m3-pris etter forbruk i følgje gjeldande satsar. Tilknytningstilskotet skal ikkje forrentast.

§ 6. Rettar og plikter for medlemmer

Medlemene har rett til lik og rettferdig bruk av laget sine tenester. Mot betaling av tilknytningstilskot og årleg vassavgift har medlemene rett til å få vatn til det punktet som er omsøkt.

Medlemene pliktar å følgja vedtekter og retningsliner for drifta av laget.

Medlemene har også rett og plikt til å ta i mot tillitsverv. Medlemer kan etter søknad reservera seg frå verv.

§ 7. Styret

Laget sitt styre skal ha minst tre og høgst fem styremedlemer.

Årsmøtet skal velja:

Styroleiar for eitt år
Styremedlemer for to år
To varamedlemer til styret for eitt år
To medlemer i valnemnd for eitt år.

Styret vel nestleiar og referent innan styret.

Styroleiar og ein styremedlem har signatur for laget i fellesskap.

Styret skal leia laget i følgjer lover og vedtak. Styret førebur og gjennomfører årsmøte, og andre medlemsmøte etter behov. Styroleiar kallar saman til møte. Styret skal føra møtebok.

§ 8. Årsmøtet

Årsmøtet er laget sitt øvste organ. Det vert halde innan utgangen av mars månad. Årsmøtet skal ta avgjerd om:

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av møteleiar, referent og to medlemer til å signera protokollen
3. Godkjenning av årsmelding og rekneskap
4. Fastsetjing av vassavgift og tilknytningstilskot
5. Val av styroleiar, styremedlemer, varamedlemer, valnemnd og evt. andre verv
6. Val av revisor
7. Fastsetjing av styrehonorar
8. Opptak av lån

9. Endring av vedtekter.

Vedtak som gjeld § 8 punkt 8 og 9 må ha 2/3 fleirtal. Desse 2/3 må representera minst 1/10 av medlemene. Er ikkje årsmøtet vedtaksført, kan ekstraordinært årsmøte haldast, og saka avgjerast med 2/3 fleirtal av dei som då er til stades. Andre avgjerder på årsmøtet vert avgjort ved vanleg fleirtal blant dei frammøtte. Kvar medlem har ei røyst.

Dei som møter ved fullmektig må leggja fram skriftleg datert fullmakt. Ingen kan vera fullmektig for meir enn ein medlem, men der fleire har ein medlemskap saman, kan dei ha sams fullmektig.

Forslag til årsmøtesaker må sendast til styret innan utgangen av februar.

Når dokument som gjeld årsmøtesaker er gjort tilgjengelege for medlemene på vassverket si heimeside, gjeld ikkje kravet i lova om at dokumenta skal sendast til medlemene.

§ 9. Overgang av medlemskap

Medlemskap kan berre gå over til nytt medlem ved eigarskifte av eigedomen. Styret godkjenner overgangen av medlemskap.

Vassretten følgjer eigedomane, og dersom ein medlem sel eigedomen sin, går rettar og plikter over til den nye eigaren.

§ 10. Innmelding og utmelding av medlemmer

Nye medlemmer vert tekne opp etter skriftleg søknad. Søknaden vert godkjend av styret.

Oppseiing av medlemskap må gjerast med tre månaders varsel. Utmelding gjev ikkje rett til å krevja utbetaling av tilknytningstilskot eller del av evt. verdiskaping.

§ 11. Oppløysing av føretaket

Framlegg om oppløysing av føretaket må setjast fram minst seks månader før innkalling til årsmøtet. Vedtak om oppløysing av føretaket krev fleirtal som for vedtektsendring, jf. § 8, 2. ledd.

Når samvirkelaget er vedteke oppløyst, skal årsmøtet velja eit avviklingsstyre som trer i staden for styret. Valet gjeld på ubestemt tid, med ein oppseiingsfrist for medlemene i avviklingstyret på tre månader.

Verksemnda til laget kan halda fram under avviklinga i den utstrekning det er ønskjeleg for ei tenleg avvikling av verksemnda.

Ved avvikling av vassverket har medlemene ikkje rett til utdelingar. Midlane til laget skal i så tilfelle overførast til annan institusjon med allmennyttig føremål i forsyningsområdet.

§ 12. Revisjon

Revisjonen skal nøye gå gjennom laget sitt rekneskap, bøker og papir, og utanom talrevisjon skal dei føra kontroll med laget si drift og om turvande gje melding til årsmøtet.

§ 13. Diverse føresegner

Laget skal med dei atterhald som er tekne i § 3, føra vatn fram i høveleg leidning til 30 meter frå omsøkt bygg. Resten skal medlemen kosta sjølv. All installasjon i huset må vera forsvarleg og huseigaren må sjølv syta for å halda denne ved like.

Vatn må ikkje overlatast til andre mot eller utan betaling.

Alle medlemmer gjev fri grunn for å koma fram til hovudleidning, sideleidning og leidning til nabobygg. Etter graving er vassverket ansvarleg for at arealet vert sett i like god stand som det var før.

Styret har rett til å kontrollera at installasjonar i bygningar er forsvarleg, og kan eventuelt gje pålegg om reparasjon av leidningar, ventilar o.l.. Desse pålegga pliktar eigaren å utbetra.

Laget er utan ansvar om det skulle inntreffa stopp i leveringa av vatn som følge av turvande ettersyn og reparasjonar, og elles andre høve som laget ikkje er herre over (force majeure). Huseigaren har i slike høve ikkje rett til avslag i vassavgifta.

Dersom ein utvidar ei verksemd med meir enn 20 m², skal ein melda frå til vassverket, og tilknytningstilskotet kan eventuelt regulerast.

Medlemmer som har eigen brønn og som får vatn frå vassverket, pliktar å kopla frå eksisterande private brønnar. Det må ikkje vera nokon form for samankopling av røyrrer mellom brønn og vassverk. Styret skal ha tilsyn med at dette vert gjort.

Vatnet til vassverket kjem frå Hattebergsdalen 185 m.o.h.. Der er montert reduksjonsventil på hovudleidningen som reduserer vasstrykket slik at det ved normal drift er 9,5 kg ved havflata. Denne ventilen kan ved ei uønskt hending svikta, slik at det vert ein trykkauke på nettet, det vil sei at det kan verta 8,5 kg trykk 100 m.o.h. Alle abonnentar som bur lågare enn 100 meter over havet må difor for eigen kostnad syta for å montera trykkreduksjonsventil på vassinntaket sitt.

§ 14. Lovregulering

Det vert elles vist til lov om samvirkeføretak av 29.06.2007 som gjeld med mindre noko anna er fastsett i desse vedtekter.

Desse vedtektene gjeld frå 01.01.2013.

Selskapet sine vedtekter vart vedtekne på omframnt årsmøte 18. desember 2013.